

Julaftan heime

Mange av oss får ikkje gått på gudsteneste i kyrkja slik vi er vane med, men vi kan framleis høyre forteljinga om då Jesus vart fødd og syng e in eller fleire av julesalmane vi er så glade i.

Her er eit forslag til noko du kan gjere heime, anten ålene eller saman med andre. Hugs at det blir sendt gudsteneste i NRK på julaftan, og sjekk kva tilbod som finst i kyrkjelyden der du bur.

Med ønske om ei god jul!

Tenn eit lys og be ei bønn

Kjære Jesus, du som vart eit barn.
Vi kjem for å høyre forteljinga om hyrdane,
om Maria og Josef og om englane.
No vil også vi bli med til Betlehem for å helse deg velkomen.
Du eigde alt, både himmel og jord, men du vart fattig, du vart fødd i ein stall.
Lat oss få sjå himmellyset frå Betlehemsmarkene i kveld.
Saman med barn og vaksne over heile verda vil vi stå rundt krubba di.
Gud, vi bed i Jesu namn.
Amen



Syng en julesalme

T: B.S. Ingemann · O: Bernt Støylen (Nynorsk) Ella Holm Bull (Sør-Samisk)
Melodi: Franz Xavier Gruber

Glade jul, hellige juli!
Engler daler ned i skjul.*
Hit de flyver med paradisgrønt;
hvor de ser hva for Gud er skjønt,
/: lønlig iblant oss de går. :/

Glade jol, heilage jol!
Englar kjem frå Guds kongestol,
blomar ber dei frå paradís,
fint og fagert dei syng Guds pris.
/: Løynteg ikring oss dei går. :/

Aavoes jávvh, aejlies leah jávvh!
Eengkelh bætieh sueleden,
diekie haeliehtieh geejrene leah;
dellie vvejnieh gukt' Jupmele,
/: sueleden mijjine leah. :/

Julefryd, evige fryd,
hellig sang med himmelsk lyd!
Det er engler som hyrdene så,
dengang Herren i krybben lå,
/: evig er englenes sang. :/

Jolebod, gledeleg bod,
tonar til oss med himmelljod,
song av englar som hyrdingar såg
den gong Jesus i krubba låg.
/: Songen av englar er sæl. :/

Hearloeh jávvh, ihkuve jávvh,
aejies sjuvvieh elmeste!
Eengkelh vöojnin dah ryjinesjæjjah,
baernie krubpesne vealan lij,
/: ihkuve laavome lea. :/

Fred på jord, fryd på jord,
Jesusbarnet blant oss bor!
Engler synger om barnet så smukt,
han har himmeriks dør opplukt.
/: Salig er englenes sang. :/

Fred på jord, fryd på jord!
Jesusbarnet det er vår bror,
englar syng om hans herlegdom,
han har reidd oss i himmelen rom.
/: Songen av englar er sæl. :/

Raæffe lea, eatnamisnie!
Jeesus-maana daesnie lea!
Baernien bijre dah eengkelh laavloeh,
oksem mijjese riñp'stamme.
/: Aavosne laavlome lea. :/

Salig fred, himmelsk fred
toner julenatt her ned.
Engler bringer til store og små
bud om ham som i krybben lå.
/: Fryd deg, hver sjel han har frelst! :/


Sæle fred, himmelsk fred
jolekvelden til jord kom ned.
Englar syng om den fred dei såg,
syng om han som i krubba låg.
/: Gled deg, kvar sjel han har frelst! :/

Sealoes jávvh, aavoes leah jávvh,
jávle-ijjen govele.
Eengkelh mijjese saerniestieh
baernien bijre gie vealan lij,
/: Sådtoeste luajhtreme lea. :/

* I det skjulte

Lese Juleevangeliet

Lukas 2,1-20 Henta frå Bibel 2011,
Det norske bibelselskap



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt ei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

